



STEMNING: GjØri og syskenbornet Olive (frå Lærdal) likar stØlslivet og tek del i arbeidet med liv og lyst.



FORMER: Brimosten vort gjerne stØypt i fine treformer, slik Mari Skjerdal Lysne her viser



IDYLL: Endeleg framme på ØystØlen, her osar av stØlsmiljø og den herlege lukta av nyysta brimost.



INTENS: MjØlkjanga går føre seg både for hand og med maskin.



UTSYN: Om lag 700 m stigning er det oppetter til fjellstØlen, difor er det på sin plass med ein liten beitepause på ein gamal nedlagt stØlsvoll.

StØsliv i særklasse

■ ■ Kulturberarar i høgjellet ■ ■ Smaksoppleving for nase og gane

SKJERDAL: Det er augustmorgon, lummert og regn i lufta når vi gjev oss i kast med dei hengjebatte liene frå Skjerdal ved Aurlandsfjorden.

To sterke dølahopper, 23 år gamle Ravndøla (også kalla Raudi) og Chili (5), har fått kløva på, etter noko forstøeleg overtaling med diverse godsaker. Islandshesten Skuggnir er her på sommarferie og diltar berre med.

Geitebonde, fjelloppsynsmann og hjortejeger Harald Skjerdal har frå barnsbein av gått denne turen og kjenner stien som si eiga bukseleomme. Med eit slikt reisefølgje kjenner ein seg trygg sjølv om røynsla med stupbratte vestlandsfjell er urovekkjande «mager». Sjølv om unghoppa Chili må ned i kneståande over eit glatt sva, går turen greitt – med innlagt matpause på ein gamal nedlagt, men frodig stØlsvoll. Gamle Raudi går på «autopilot» framfor, ho kjenner vegen ut og inn – og

motivasjonen og farten vert synleg betre etter kvart som ho nærmar seg målet og saftig fjellbeite.

Til ØystØlen

Ikkje uvanleg har bøndene to stØlar her på Vestlandet, ein heimastØl og ein fjellstØl. No er tida inne til å nytte fjellstØlen nokre veker, medan fjellbeitet er på sitt aller feitaste her oppe i liene ikring 1.000 moh. Ein gjer med andre ord som reinen, følgjer groen oppetter i fjellet for å finna det friske beitet gjennom heile sommaren.

Namnet ØystØlen kjem truleg av at denne stØlen til tider har vore ute av bruk. Kanskje det har vore for krevjande med den arbeidsame transporten og drifta – årsakene kan nok ha vore mange?

Smaksoppleingar for nase og gane

Hestane er «i 100» når dei vel er framkomne til stØlen, får av seg kløva og slepp fri på det frodige beitet innerter

dalen. Her syd det av trivnad, med sol som bryt gjennom – fossedur frå fjellelva og beitande husdyr ikring.

Sjefs-budeia og kona til Harald, Anne Karin (opphavleg frå Steinkjer) tek smilande imot i seterleg gjestfridom. Luktinntrykka av nyysta brimost frå skotet vekker gode gamle kjensler så det monar – og ein herleg prøvesmak vert det også for ein topp motivert gane. Men noko latmannsliv er det ikkje, for her går det i manuelt arbeid frå grytidleg morgon til seine kveld. Tunge tak er det, og no når sein-sommarveret slår til med høgtrykk og varme – får dei 70 geitene i seg mykje beitegras med stor mjØlkemengde som resultat. I regn og grøvær er desse smådyra meir pysete og mjØlkemengda vert då gjerne sterkt redusert.

Fyrsteklasses kulturberarar

Kva får så ein vanleg familie til å velje dette livet – i dag som det finst så mange «lettvinde» alternativ? Det handlar sjølvsagt om verdival både for

eigen del og etterkomarane. I mine augo er Anne Karin og Harald kulturberarar av fyrste klasse, og tiltrengte representantar for ein bruk utan forbruk-strategi. La oss vona at tilhøva vert lagt til rette slik at ungdommen også finn hugnad og meining i dette livet frametter, slik at det fine kulturlandskapet ikkje gror att men vert pynta og stelt av beitedyra. Gledelig er det difor å sjå at døtrene GjØri, Sigrid og Stina, samt syskenborna deira Mari og Olive tek del i stØlsarbeidet med liv og lyst. Ein framifrå ballast er det å få ta del i stØslivet frå unge år. Nokre veker om sommaren utan PC, mobiltelefon-samband og TV vil venteleg heller ikkje setje varige skadelege spor...

Gamle fangsttradisjonar

No er det ikkje berre seterlivet som kjenneteiknar historia i denne delen av Aurlandsfjella. For 1000–2000 år sidan bygde reinsjegerar store fangst-anlegg høgt oppe i toppane her. Spora etter denne verksemda er framleis

svært tydeleg og minner oss om den store kunnskapen fangstfolket hadde om grødyra og deira trekk og arealbruk.

Truleg var reinsfangsten ei svært viktig attåttnæring for fjordbøndene og ser ein godt etter, er mange av anlegga her bygdene og tilgjengelege med hest og kløv. Kontrastane blir store ved synet av desse fangstanlegga og store cruisebåtar på fjorden i bakgrunnen.

Paradis

Både Anne Karin og Harald er reinsjegerar og fører soleis fjelljakttradisjonane vidare og. Men dei siste åra har det vore lite grødyr her vest i fjella og difor semre jakttilhøve.

Men flokkane kjem nok att før eller seinare, og det gjer gjerne eg og! For stØslivet her inne mellom bratte reinsfjell og fiskerike vassdrag «må da vær-ra paradiset»?

Per Jordhøy (tekst og foto)
redaksjon@sognavis.no




ANLEGG: Oppi fjella ikring ØystØlen ligg ei rad fangstanlegg som syner korleis reinsjegerane har fangsta grødyr for lang tid sidan. Her står Harald ned i intakt steinura fangstgrop oppi fjellet Helleberg.



PRODUKSJON: Etter ein hyggelig velkomst må sjefs-budeia, Anne Karin, passe osteproduksjonen – dette krev hardt arbeid frå morgon til kveld.



MEKTIG: Arbeidsdeling er tingen, og søndag må Harald ta buderollen medan Anne Karin får seg ein etterlengta og fortent fjelltur til Blåskavlen – her saman med Oddbjørn Skjerdal frå Kaupang, som er på helgevitting.



FIKAR: Harald er ein ivrig flugefiskar og ein timmes gange nord for ØystØlen ligg Soleibakkvotni og lokkar med feit fjellaure.